

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 24.06. 2013 kl. 10.00
Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Randi Strand Overaa, Magnar Furset, Eva Rinde Habostad og Svein Kvaløy.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen
Frå Stranda Kommune møtte konst. rådmann Kjartan Lied og økonomisjef Ståle Anker Ljøen.

Magnar Furset hadde merknader til innkallinga. Årsmelding og rekneskapsdokumenta var so seint mottekne at det var knapt med tid til å sette seg inn i sakene. Han ønska å utsette behandling til eit nytt møte. Problemstillinga vart utførleg drøfta og utvalet gjekk til slutt inn for å ikkje utsette beandlinga av rekneskap og årsmelding.

**SAK 15/13
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 16. APRIL 2013**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 16. april 2013 blir godkjent. Det vart reist spørsmål om vedtaket i sak 12/13 er oppfylt. Det vart opplyst at sjølvkostrekneskap er framlagt og er godt dokumentert. Det er ikkje lagt fram eiga utgreiing om temaet.

**SAK 16/13
ÅRSMELDING 2012 – STRANDA KOMMUNE**

Innstilling datert 20.06.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek årsmelding 2012 for Stranda kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet presiserer at årsmelding er levert etter fristen som er den 31. mars 2013.

SAK 17/13

KOMMUNEREKNESKAPEN 2012 – STRANDA KOMMUNE

Innstilling datert 21.06.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Stranda kommune sin rekneskap for 2012 blir godkjent.
2. Det blir vist til kontrollutvalet si løpende oppfølginga over fleire år av kommunen si økonomiske utvikling medrekna den stadig veksande lånegjelda. Kontrollutvalet er uroa over den økonomiske situasjonen til Stranda kommune.
1. Innan enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47.
4. Kontrollutvalet vil påpeike at rekneskapen også i år er avlagt svært seint i forhold til fristen som er den 15. februar 2013. Dette gir ikkje revisjon, kontrollutval og kommunale vedaksorgan høve til å halde seg innanfor lova sine sakshandsamingsreglar og fristar.

SAK 18/13

REKNESKAP 2012 – STRANDAFJELLET KF

Innstilling datert 21.06.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Strandafjellet KF sin rekneskap for 2012 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet viser til revisjonsmeldinga der det går fram at budsjettet for 2012 ikkje var realistisk, noko som er eit lovkrav.
3. Kontrollutvalet vil i eigen forvaltningsrevisjonsrapport kome tilbake til ulike forhold som er nemnt i årsmeldinga, jf. tidlegare vedtak.
4. Kontrollutvalet vil påpeike at rekneskapen også i år er avlagt svært seint i forhold til fristen som er den 15. februar 2013. Dette gir ikkje revisjon, kontrollutval og kommunale vedaksorgan høve til å halde seg innanfor lova sine sakshandsamingsreglar og fristar.

SAK 19/13

REKNESKAP 2012 – STRANDA HAMNEVESEN KF

Innstilling datert 20.06.2013 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:

1. Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2012 blir godkjent.
2. Kontrollutvalet vil påpeike at rekneskapen også i år er avlagt svært seint i forhold til fristen som er den 15. februar 2013. Dette gir ikkje revisjon, kontrollutval og kommunale vedaksorgan høve til å halde seg innanfor lova sine sakshandsamingsreglar og fristar.

SAK 20/13

SELSKAPSKONTROLL – OPPFØLGING AV DENNE FRÅ RÅDMANNEN SI SIDE

Saksdokument datert 20.06.2013 frå kontrollutvalsekretariatet

Det vart orientert om at rådmannen legg fram ei sak om selskapskontroll i september 2013.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Randi Strand Overaa
nestleiar
(sign.)

Magnar Furset
medlem
(sign.)

Eva Rinde Habostad
medlem
(sign.)

Svein Kvaløy
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 09.10.2013

**SAK 22/13
VEDKOMANDE BUDSJETT 2014 - STRANDA KONTROLLUTVAL**

I medhald av § 18 i forskrift om kontrollutval skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet i kommunen skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Ettersom kommunen sitt kontrollutvalsekretariat og kommunerevisjonen er interkommunale selskap der selskapa sine budsjett blir vedteke av selskapa sine respektive representantskap, vil utgiftene i denne saka berre omfatte Stranda kontrollutval sine lokale utgifter. Desse utgiftene bør saman med dei utgiftene som er nemnt ovanfor leggst i det samla budsjettet for kommunen sitt kontroll- og tilsynsarbeid.

Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste til kontrollutvalet vil vere ein del av kommunen si godtgjersle til folkevalde. Desse utgiftene bygg på satsar vedtekne i i Stranda kommune. Talet på møte vil påverke budsjettet og det kan kalkulerast med 6 møte.

Kursaktiviteten er moderat. Den viktigaste samlinga er den årlege kontrollutvalkonferansen. I tillegg kan det bli andre samlingar. Særleg kontrollutvalkonferansen er av ein slik kvalitet og har ein so stor informasjonsverdi at heile utvalet bør ha høve til å delta.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet sitt budsjett til kurs og reiseaktivitet blir sett til kr 40.000,00.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 09.10.2013

**SAK 24/13
OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL I STRANDA KOMMUNE**

Temaet var også oppe i sak 06/12, 12/12 og 04/13 og utgangspunktet er konklusjonane i selskapskontrollen for 2009 som gjaldt alle heileigde kommunale selskap. I 2011 hadde kontrollutvalet også ei oppfølging av eigarskapskontrollen.

I sak 04/13 gjorde kontrollutvalet slikt samrøystes vedtak:

- 1) Med vising til konklusjonane i selskapskontrollen frå 2009 og dei vedtaka som er gjort i kommunestyret om igangsetting av tiltak i samsvar med rapporten (KOM-020/09), ber kontrollutvalet rådmannen om å gi arbeidet med kontroll av kommunens eigarinteresser tilstrekkeleg prioritet slik kommunestyret alt har vedtatt.
- 2) Konkret ber kontrollutvalet om at det blir sett i gang arbeid med å få utført desse prioriterte tiltaka:
 - a. Formalisere og betre informasjons- og rapporteringsrutinane mellom kommunen som eigar og det enkelte selskap
 - b. Plassere administrativt ansvar for eigarutøving
 - c. Rutinar/verky for å vurdere selskapa sin løpande økonomiske status
 - d. Formalisert opplegg for løpande informasjon frå selskapa til eigar
 - e. Ta i bruk styrevervregisteret
 - f. Årleg eigarmelding til kommunestyret
 - g. Revisjon av eigarskapsmeldinga frå 2007
- 3) Kontrollutvalet ber om å bli løpande orientert om arbeidet med saka

På bakgrunn av ovanneemde er det i møtet lagt opp til ei orientering om oppfølging av selskapskontrollen

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Stranda kommune

Dato: 09.10.2013

**SAK 26/13
ORIENTERING OM DEN ØKONOMISKE SITUASJONE I STRANDA KOMMUNE
JF. 2. TERTIALRAPPORT 2013**

Som vedlegg følger:

- Terialrapport 2. tertial 2013

Av budsjettforskriftene § 10 går det fram at det skal skje rapportering til kommunestyret om den faktiske utviklinga i inntekter og utgifter sett i forhold til dei inntektene og utgiftene som er ført opp i årsbudsjettet. Rapporteringa skal skje med jamne mellomrom og minimum to gongar i året. Ved tilstrekkelege avvik skal det settast i verk tiltak. Med tiltak blir det meint ikkje berre justeringar av dei oppførte inntektene og løyvingane som er nødvendige for å sikre/oppretthalde kravet om balanse i årsbudsjettet, men også mulige tiltak innanfor budsjettrammene som t.d. å endre innhald i det kommunale tenestetilbodet.

Rådmannen er invitert til å orientere om den økonomiske situasjonen basert på 2. tertialrapport.

Harald Rogne
dagleg leiar